

# VONDTET I NORSK BYGDEUTVIKLING

Sosialkonstruktivistiske bygdesosiologar og andre overstuderte røvarar som alle har forlese seg på kryptiske postmoderne teoriar, er i ferd med å gjere bygdene våre om til passive tilbydarar av middelklassesymbol som mesta ingen eigentleg er nemneverdig interesserte i.



**SET DU DEG NED** med ein stabel livsstilsmagasiner i assortert utval og blar deg attover nokre årgangar, finn du at det har skjedd eit skifte i framstillinga av livet på bygda. Det har skjedd eit skifte som heng saman med den kulturelle vendinga som følgjer i kjølvatnet av moderniteten, vert det hevda.

Stadig oftare kan me lese om det rurale, eller det «landlege» om du vil, framstilt som sjølve meininga med livet, der identiteten vert forma i full kontemplasjon med natur og kulturtradisjonar. Tidleg på 2000-talet fekk me endatil bladet Landliv, som seinare fekk namnet Lev Landlig, og det vart etter kvart vanskeleg å sjå anna enn at me no hadde bikka heilt over mot ein larmande klisjébruk.

Du finn det også om du stiller på møte i eit av dei mange bygdemobiliseringsprosjekta som vert køyrde kring i landet om dagen – desse begestringsseminara og omdømebyggingsprosjekta som held seg sjølv ved like gjennom ein kollektiv moral som definerer alle kritikarar som vondsinna bygdedyr. Du finn det i dei vitskaplege tidsskrifta for ruralsosiologane, ja for det finst slike, i fall du lurte.

Legg du godviljen til og definerer sosiologifaget like breitt som samfunnsfaget og plasserer geografi, antropologi og enda landbruksøkonomi inn i folden, finst det hyllemeter med vitskaplege tidsskrift om temaet ruralsosiologi, eller bygdesosiologi, om du vil.

## BYGDESOSIOLOGIEN SOM SJØLVE VONDTET

Det er også her det største ansvaret for denne ukritiske klisjédyrkinga ligg, det ligg hjå mitt eige fagfelt – bygdesosiologien. Då den britiske geografen Keith Halfacree (1993; 1995; 2006) tok inn over seg sosialkonstruktivismen, representerte det samstundes ei vitskapleg vending i bygdesosiologien. Inspirert av kultursosiologen Jean Baudrillard (1983), som antydgar at symbolikken er i ferd med å få forrang framfor materialiteten, tok bygdesosiologien steget i retning det kultursosiologiske og vekk frå den dominerande sosio-økonomiske retninga som disiplinen var tufta på. Frå mesta utelukkande å ha vore opptatt av materielle faktorar som vegar, arbeidsplassar, folketal og liknande, skapte den generelle kulturelle vendinga ein bygdesosiologi som naturleg nok fekk auka interesse for omgrep som meningsinnhald, identitet og representasjon. Og etter kvart som det vitskaplege miljøet tok opp i seg desse omgrepa, fekk dei også auka gjennomslag i bygdeutviklingsarbeidet. Bygdene og det rurale vart tydelegare knytte til nettopp førestellinga om «the rural idyll» (Halfacree 1993, 1995; Jones 1995). Ei førestelling som ifylgje Arnljot Løseth (1991) også vert framavla og gitt liv av nettopp forskninga, då mykje av litteraturen om sosiale relasjonar i bygdesamfunna vert skapt i eit bilete av det «like» bygdesamfunnet. Idealiseringa av bygdesamfunnet har med andre ord bidrege til å skjule faktiske ulikskapar.

Det er også her det største ansvaret for denne ukritiske klisjédyrkinga ligg, det ligg hjå mitt eige fagfelt – bygdesosiologien.

**Landbruksdepartementet, Småbrukarlaget og Bondelaget – som i sin iver etter å legitimere sin egen eksistens hadde sett seg i førarsetet av norsk bygdeutvikling – gav bøndene beskjed om å lytte til forskarane. Råda derifrå var å «fortelje dei gode historiene» – bønder og andre rurale tilbydarar skulle «pakke inn» produkta sine i stadeigne miljøvennlege symbol.**

Som tidlegare nemnt kom altså den før så materielt orienterte bygdepolitiske debatten no i større grad til å dreie seg om «sosiale representasjonar».

Då sosiolog og forskar ved Norsk senter for bygdeforskning Mariann Villa (2000) lanserte det glimrande omgrepet Livsfasebygda, poengterte ho at folk såg på bygda som ein stad som kunne levere det ein etterspurde i særskilde fasar av livet. Bygda, som ein stad med trygge og gode oppvekstvilkår for born og lett tilgang til sunne og friske aktivitetar knytte til natur og friluftsliv og eit inkluderande og godt sosialt miljø, skulle no bli redningsvona for mange grender. Dag Jørund Lønning (2000; 2007) hevda på si side at mange no ønskjer å flytte til bygda for å realisere ein postmoderne livsstil, gjerne innanfor landbruket, med livskvalitet som stikkord. Overalt kunne me lese om bygder som gjorde seg lekke for unge nyutdanna småbarnsfamiliar. Dette stadfester det Anne Viken skriv i førre nummer av Syn og Segn: «Norsk distriktsmarknadsføring har eit snev av elitisme over seg» (Viken 2009: 47). I den bitande kritikken av Sogn og Fjordane si satsing på til- og tilbakeflyttarar hevdar ho at marknadsføringa av distriktet ikkje lenger handlar om motkultur og det unike, men om kommersialisering av naturressursar og bustader. Den politiske motkulturen er erstatta med glatt medkultur, puddersnø og snøbrett. Dei tilbyr «pudderdyrka omgivingar for deg som ønskjer å gå rett inn i leiarstillingar og leve fritt som fuglen med ei friluftsprega fritid» (Viken 2009: 46). Er du sporty, flytt til Sogn og Fjordane. Med andre ord: Er du ressurssterk og har overskot, flytt til distriktet. På linje med middelmåtige reiselivsbedrifter prøver Bygde-Noreg å selje seg ved hjelp av «Innovasjon-Noreg-finansierte» reklamepakkar som spelar på lett underhaldning linka til friluftsliv og avslapping.

#### **EIN POSTMODERNE VEKKINGSVIND**

Utover mot slutten på 90-talet og fyrst på 2000 kunne ein altså sanse dette stemnings-

skiftet for Bygde-Noreg. Sjølv om ein ikkje nett kunne snakke om ein «vekkelsesvind» slik Åge Samuelsen song om ein gong, var det ikkje vanskeleg å merke at pessimismen var i ferd med å verte snudd til optimisme. Det var ein optimisme tufta på lovnaden om at den postmoderne symbolkonsumerande middelklasseforbrukaren med fritt yrke og meir ferie enn kva godt var, skulle legge sin elsk på det rurale. Landbruksdepartementet, Småbrukarlaget og Bondelaget – som i sin iver etter å legitimere sin eigen eksistens hadde sett seg i førarsetet av norsk bygdeutvikling – gav bøndene beskjed om å lytte til forskarane.

#### **LOVNAD OM LUKKE OG VELSTAND**

Råda derifrå var å «fortelje dei gode historiene» – bønder og andre rurale tilbydarar skulle «pakke inn» produkta sine i stadeigne miljøvennlege symbol. Maten skulle transformeras frå å vere ei vare meint for å mette folk til no å fyllast med innhald som natur og kultur (Jacobsen 2003). Om bøndene berre kunne lære seg å stimulere forbrukarane sin hunger etter distingverande symbolprodukt, ville marknaden sjå i nåde til dei med både rikdom og velstand. Det var, ifylgje dåverande landbruksminister Lars Sponheim (2003), «ein av 'hovudvegane' ut av uføret vi har hamna i». Representantar for bøndene sjølve støtta seg på økonomen Erik Reinert (1997) sin såkalla Reinert-rapport og såg framveksten av nye marknader som ein måte «å få verdiskapinga attende til næringa» (Flø 2003). Også marknadsøkonomar som arbeidde med spesialprodukt, risiko og forbrukaråtfærd, gav til kjenne sin optimisme med formuleringar som: det er «vanskelig å ikke få en 'før flodbølgen' følelse når en analyserer markedet» (Jensen 2003: 11).

Stemninga i landbruket og dei agrare grendene var altså i ferd med å snu, og der ho ikkje snudde av seg sjølv, skulle ho snuast. Reklamefolk, bygdeforskarar og konsulentar vart reisande i bygdeoptimisme og rural gladbodskap. Næroset på Ringsaker

gjorde seg landskjent med ein fjernsynssend jippo der folk reiste kringom i verda og hengde opp skilt som peika i retning Næroset, som nett hadde utnemnt seg sjølv til fristat og teke merkevarenamnet «Lucky Næroset». «Vi må slutte med å syte og klage over hvor elendig det kunne bli om barneskolen vår ble nedlagt, og heller tegne lyse, positive framtidbilder. Vi må skape noe positivt ut av denne situasjonen. Vi må finne på noe utradisjonelt, vi må ... rett og slett lage vår egen stat?!?!» fortel initiativtakar Hans Christian Medlien (TV2 2003) om bakgrunnen for ideen.

#### **HUMØRBONDEN GEIR**

På Vestlandet gjekk ei gruppe strilar saman frå sirklane kring «Humørbonden» Geir Styve, som i årevis har reist land og strand rundt og halde foredrag om galskap, humor, mot og fantasi, og laga «Humørbygda» med eigen «Humørvimpel» og det heile (Nationen 2007). Og kven veit? Personleg meiner eg det tykkjest fornuftig å tru at det verkar, men likevel ufornuftig å late vere å reflektere over konsekvensane det kan få.

Sumaren 2005 kunne uansett Nationen (2005b) presentere dåverande landbruksminister Lars Sponheim sitjande på ei stabburshelle og lese gladnyhende om at «myten om et fraflyttingstruet Bygde-Norge nå slår sprekker». Der meinte statsråden at «landbruket og jorda må ikke være som en losje for de få» og peika på at «Noen ønsker å slå seg ned på landet for å nyte naturen, og vil gjerne boltre seg på sju mål med en bikkje, og noen vedstabler. Det må de få lov til, slikt skaper mangfold og liv i bygdene».

Me såg då tendensar til at det skjedde, ikkje slik å forstå at det kunne kallast ein trend, men eit og anna døme fann me då likevel. Som i grenda Tjura like ved Kirkenær i Hedmark der me kunne møte glas-kunstnarane «som blæs i kvar dei bur» (Nationen 2005a), eller i mi eiga heimbygd Flø i Ulstein kommune der nokre ulsteinvikarar og hareidsdølingar, ja endatil ein hærøyværing, omtalar seg sjølve som til-

bakeflyttarar og lever sine trendy liv i rurale kulissar (Flø 2006). For visst er det mogleg. Stadig betre infrastruktur, særleg innanfor transport og kommunikasjon, har gjort det lettare å leve i utkantgrendene for den som har fleksibilitet nok til det, og som kan få gjort inntektsbringande arbeid ved hjelp av ei datamaskin og eit velfungerande breiband og mobilnett.

#### **PROSJEKTMAKARLOGIKKEN**

Me er av same sorten, me prosjektmakarane innanfor forskings- og utviklingsapparatet. Me er av same sorten, anten me er finansierte av forskingsrådet, fylket eller Innovasjon Norge, me er av same sorten som dei me utviklar bygdene for. Alle drikk me altfor mykje raudvin, og alle er me altfor glade i mjuke franske ostar og rucolasalat. Me er middeklasseelitistar som ønskjer å skape eit Bygde-Noreg i vårt bilete. Det er me som avgjer kva produkt det rurale reiselivet skal tilby, det er me som fortel kva «marknaden» etterspør, det er me som snakkar om at Bygde-Noreg er best omsetjeleg som «identitetsmarkerande representasjonar av meiningberande ruralitet».

Det er nemlig me som gir råda, det er me som reiser kringom i landet og held foredrag og skriv artiklar på både glansa og uglansa papir om suksessar i Bygde-Noreg. Det er oss du kan sjå på Norge i Dag, NRK Dagsrevyen sitt distriktsmagasin for småstoff, kos og gladnyhende, der me står i sirklar kring ein stakkars osteprodusent i ei grotte på Hitra med kvart vårt glas Mozell i nevene – smilande og utan tanke for gjelda den arme bonden har lagt seg til, i blind tru på råda me gir. Alle deler me den grunnleggande premissen om at i bygdeutviklinga er trua og imagen nesten alt (Bjørhusdal 2009).

Derfor ser du oss aldri ein sundag ettermiddag på Rinnleiret i Levanger der Asbjørn Sørholt serverer kjøt, poteter og brun saus med riskrem til dessert, kvar einaste sundag for fulle hus. Han er den største einskildkunden til bøndene i Midt-Noreg der han handlar tett på 10 tonn kjøt

**Reklamefolk, bygdeforskarar og konsulentar vart reisande i bygdeoptimisme og rural gladbodskap. Næroset på Ringsaker gjorde seg landskjent med ein fjernsynssend jippo der folk reiste kringom i verda og hengde opp skilt som peika i retning Næroset, som nett hadde utnemnt seg sjølv til fristat og teke merkevarenamnet «Lucky Næroset».**

Me lever av og for kvarandre, me prosjektmakarane. Den gjensidige avhengigheita sementerer livsløgna og opprettheld bløffen og gjer endring vanskeleg. Me sit der og styrer pengestraumane, me og venene våre; prosjektkoordinatorane, forskingsrådgivarane og spesialrådgivarane.

frå Nortura i året og leverer eit bidrag til verdiskapinga i Bygde-Noreg som nok overgår dei fleste nisjeprodukta. Men så har han heller aldri spurt oss om råd, Sørholt. Og hadde han gjort det, ville me svara at han måtte legge inn det lokale og særneigne i rettane. Produkta lyt kommunisere lokal identitet i balanse med miljøet, og garnityret lyt harmonere med årstidene, fyrst då ville han fått støtte av oss.

#### PROSJEKTMAKERI OG BLØFF

Me lever av og for kvarandre, me prosjektmakarane. Den gjensidige avhengigheita sementerer livsløgna og opprettheld bløffen og gjer endring vanskeleg. Me sit der og styrer pengestraumane, me og venene våre; prosjektkoordinatorane, forskingsrådgivarane og spesialrådgivarane. Forskningsrådet sine Kompetanseprosjekt med brukermedvirkning (KMB) og Brukerstyrte innovasjonsprosjekt (BIP) er institusjonalisert makt for å styre oss dit me ikkje vil.

For det er som Anne Viken hevdar: «Bodskapen er konservativ, og den som konserverer, fornyar ikkje» (Viken 2009: 44). Hand i hand med ideen om den vesle fiskarbonden snakkar dei om det meningsfulle livet som småbrukar og ei tilsynelatande problemfri omskolering til turistvert for flyktige shopparar av den rurale idyllen. Notorisk fornekta dei at grendene ligg mentalt nedgravne i bunader og fjordingar (Viken 2007), dei tvilheld på klisjeane og ser ikkje at det meste, og truleg også det beste, av næringsutviklinga skjer utan at Innovasjon Norge anar noko om det. Det skjer i skuggen av distriktspopulismen som vert halden i live av prosjektmakarveldet.

Dei norske bygdene stemnar mot grunna med sosialkonstruktivistiske bygdesosiologar og BI-utdanna marknadsførarar til rors, systematisk avviser dei alle draft og sjømerke som irrelevante og meiner det er representasjonar av farvatnet som tel.

#### LITTERATUR

- Aspen, Janne Grete: «Kunstnarar blæs i kvar dei bur.» *Nationen* 10.06.2005.
- Baudrillard, Jean: *Simulations*. Semiotext(e). New York 1983.
- Bjørhusdal, Eli: «Lokalsamfunn skal seljast.» I: *Nationen* 30.05.2009.
- Dallawara, Werner Wilh.: «Sponheim ønsker større bygdetomter.» I: *Nationen* 02.06.2005.
- Flø, Bjørn Egil: «Økologisk landbruk – frå konfrontasjon til koalisjon.» I: *Den politiserte maten*. Redigert av: E. Jacobsen, R. Almås & J.P. Johnsen. Abstrakt forlag. Oslo 2003.
- Flø, Bjørn Egil: «Utanfor folkeskikken – ei forteljing om nye bygdefolk.» I: *Syn og Segn* 2/2006:6–15.
- Halfacree, Keith H.: «Locality and social representation: Space, discourse and alternative definitions of the rural.» I: *Journal of Rural Studies* 9, 1/1993:23–37.
- Halfacree, Keith H.: «Talking about rurality: Social representations of the rural as expressed by residents of six English parishes.» I: *Journal of Rural Studies* 11, 1/1995:1–20.
- Halfacree, Keith H.: «Rural space: constructing a three-fold architecture.» I: *Handbook of Rural Studies*. Redigert av: P. Cloke, T. Marsden & P. Mooney. Sage. London 2006.
- Jacobsen, Eivind: «Mat som diskurs.» I: *Den politiserte maten*. Redigert av: E. Jacobsen, R. Almås & J. P. Johnsen. Abstrakt forlag. Oslo 2003.
- Jensen, Thor Øivind: «Hva hindrer moderne norske forbrukere i å velge økologisk? Kritisk blikk på markedsføring og distribusjon.» I: *Den nasjonale kongress for økologisk landbruk 2003*. Redigert av: T. Cottis. Høgskolen i Hedmark. Elverum 2003.
- Jones, Owain: «Lay discourses of the rural: Developments and implications for rural studies.» *Journal of Rural Studies* 11, 1/1995:35–49.
- Lønning, Dag Jørund: «Nye tider, nye utfordringer.» I: *Bønder i soloppgang?* Redigert av: D.J. Lønning. Boksmia. Ål 2000.
- Lønning, Dag Jørund: *Fridomen til å skapa: alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling*. Avhandling til grada dr.philos, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Ås 2007.
- Løseth, Arnlot: «Nordvestlandet – egalitært eller stratifisert?» I: *Bygdesamfunnet – en sammensatt helhet*. Redigert av: L. Marthinsen & H. Winge. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo 1991.
- Reinert, Erik S.: *Det tekno-økonomiske paradigmeskift – konsekvenser for norsk distrikts- og ressursbaserte næringer*. 1/97, Norsk investorforum 1997.
- Sponheim, Lars. Tale for Den nasjonale kongress for økologisk landbruk. 05.11.2003. Hamar.
- TV2. Næroset – bygda som ikke vil dø. 12.12.2003.
- Viken, Anne. «Imageproblemet Sogn og Fjordane.» *Firda* 26.02.2007.
- Viken, Anne. «Den store image-strabasen.» *Syn og Segn* 2/2009: 40–48.
- Villa, Mariann. «Livsfasebygda – når sosialt behov endrar seg.» I: *Bygdeforskning gjennom 20 år*. Redigert av: R. Almås, M.S. Haugen & J.P. Johnsen. Tapir akademisk forlag. Trondheim 2000.
- Aase, Bjarne Bekkeheien: «Trør til der andre ikkje tør.» *Nationen* 08.09.2007.



## Best Western Karl Johan Hotel sentralt beliggende med gode priser

Enten du er konferansegjest eller bare ønsker en vanlig overnatting er du hjertelig velkommen til vårt hotell. Vi ligger sentralt til og har delikate og nyoppussede rom. I høst har vi gode priser for våre gjester. Kontakt oss for et hyggelig tilbud!

Dagpakke konferanse fra kr 485,- p.p  
Konferanse med overnatting fra kr 1220,- p.p



Best western Karl Johan Hotel, Karl Johansgate 33 Tlf: 23 16 17 00 sales@karljohan.no www.karljohan.no

